



Saksframlegg

Vår ref. 26/891 - 1
Sakshandsamar Magnus Innvær
Dato 18.05.2026

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/090	Eidfjord formannskap	01.06.2026

Høyring - Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Eidfjord kommune, Vestland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslag til ny kommunal forskrift om vass- og avløpsgebyr vert lagt ut på høyring
Høyringsfristen vert satt til 8 veker etter publisering.

Eidfjord formannskap 01.06.2026

Handsaming

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FSK - 26/090 vedtak

Forslag til ny kommunal forskrift om vass- og avløpsgebyr vert lagt ut på høyring
Høyringsfristen vert satt til 8 veker etter publisering.

Endeleg avgjerd i:

Eidfjord Formannskap

Saka gjeld:

Med bakgrunn i vedtak kommunestyret 01.12.2025 KST - 25/114, Rådmann får i oppdrag å revidera "Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Eidfjord kommune" i løpet

av 2026 og innarbeida eventuelle endringar i gebyrregulativ for 2027, er det satt i gang arbeid med ny forskrift.

Eidfjord kommune har utarbeidd framlegg til ny lokal forskrift for vass- og avløpsgebyr. Forskrifta er heimla i lov 6. juni 2025 nr. 26 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 4, jf. forureiningsforskrifta (forskrift 1. juli 2004 nr. 931) kapittel 16, og skal erstatte gjeldande gebyrregelverk i kommunen. Forskrifta byggjer på sjølvkostprinsippet og fastset utrekningsmåten for tilknytingsgebyr og årsgebyr.

Føremålet med forskrifta er å fastsette utrekningsmåte og gebyrplikt for kommunen sine vass- og avløpstenester. Forskrifta skal bidra til stabile forutsetningar for gebyrberekingar.

Kommunen vert delt inn i to gebyrsonar – sone Eidfjord og sone Sysendalen – slik at abonnentane i kvar sone dekkjer dei nødvendige kostnadane i si sone.

Tilknytingsgebyr vert fastsett som ein fast sats per bueining for bustadeigedom og per brukseining for fritids- og næringseigedom. Kombinasjonseigedom betalar for kvar del etter same prinsipp.

Årsgebyret for både vatn og avløp vert todelt, med eit abonnementsgebyr (fast del) og eit forbruksgebyr (variabel del).

Bustadeigedom betalar abonnementsgebyr per bueining, fritidseigedom per brukseining etter eigen sats, medan nærings- og kombinasjonseigedom vert plassert i kategoriar som speglar vassforsyningskapasiteten til eigedomen.

Forbruksgebyret vert som hovudregel rekna etter målt forbruk. For abonnentar utan vassmålar vert forbruket stipulert ut frå bruksareal (BRA) etter NS-3940, multiplisert med ein omrekningsfaktor som kjem fram av gebyrregulativet.

Nærings- og kombinasjonseigedom har plikt til å installere vassmålar. For visse landbruksbygningar (bygningstype 233, 241, 243, 244, 245, 248 og 249 etter NS-3457) er det fastsett ein overgangsperiode fram til 1. januar 2028.

Alle gebyrsatsar vert fastsette årleg av kommunestyret gjennom gebyrregulativet.

Vurdering:

Forskrifter skal etter forvaltningslova § 37 sendast på offentleg høyring før vedtak, slik at abonnentar, interesseorganisasjonar og andre som vert råka, får høve til å uttale seg.

Framlegget legg opp til ein gebyrmodell som er fagleg godt grunngjeven og i tråd med tilrådingane frå Norsk Vann. Differensieringa mellom bustad- og fritidseigedom samsvarar med praksis i fleire samanliknbare hyttekommunar, mellom anna Hol, Gol og Hemsedal, og tek omsyn til at fritidseigedomar normalt har lågt forbruk, men krev høg kapasitet i topp-periodar.

Soneinndelinga er grunngjeven med at drifts- og kapitalkostnadane i Sysendalen skil seg vesentleg frå resten av kommunen, og inndelinga er nødvendig for å unngå kryssubsidiering mellom abonnentgrupper.

Etter planen skal forskrifta tre i kraft 1. januar 2027. For å sikre tilstrekkeleg tid til høyring, gjennomgang av høyringssvar, eventuelle justeringar og endeleg handsaming i kommunestyret, bør framlegget no leggjast ut til offentleg høyring.

Rådmann tilrår at forslag til ny kommunal forskrift om vass- og avløpsgebyr vert lagt ut på høyring

Høringsfristen vert satt til 8 veker etter publisering.

Vedlegg

Høringsutkast - Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Eidfjord kommune
Eidfjord - Høringsbrev VA-forskrift (2026_05_19)